STORTINGET

# Innst. 87 S

**(2024–2025)**

**Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen**

Prop. 21 S (2024–2025), unntatt kap. 1541, 1542, 1543, 1565, 4565, 5579 og 5607

---

**Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet**

Til Stortinget

## Innledning

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2024.

Departementet føreslår endringar i kapitla kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, kap. 510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, kap. 1511 Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal, kap. 1520 Statsforvaltarene, kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga, kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål, kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga, kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet, kap. 1550 Datatilsynet, kap. 1551 Personvernnemnda, kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar, jf. forslag til romartalsvedtak IV, kap. 2445 Statsbygg, kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa.

I tillegg blir det under punktet Andre saker gjeve ein omtale knytt til byggetrinn 2 av nytt regjeringskvartal og det blir føreslege ei kostnadsramme til byggetrinn 2 del 1, inkludert avsetning til kunstnarisk utsmykking, jf. forslag til romartalsvedtak II, og ei kostnadsramme til brukarutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvartal, jf. forslag til romartalsvedtak III.

Det blir vist til omtale i proposisjonen av dei nemnde forslaga.

I tillegg blir det i proposisjonen føreslege endringar i kap. 1565, 4565 og 5607 som blir handsama i arbeids- og sosialkomiteen, og i kap. 1541, 1542, 1543 og 5579 som blir handsama i transport- og kommunikasjonskomiteen.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Lise Christoffersen, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur og Anne Kristine Linnestad, fra Senterpartiet, Heidi Greni og Kathrine Kleveland, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen og Bjørnar Laabak, fra Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og fra Rødt, Tobias Drevland Lund, viser til Prop. 21 S (2024–2025) der det er redegjort for en rekke endringsbehov i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Det vises til at flere av endringsbehovene kommer som følge av virkninger av lønnsoppgjøret for 2024, og som er nærmere omtalt i nysalderingsproposisjonen fra Finansdepartementet (jf. Prop. 36 S (2024–2025).

Komiteen tar endringsforslagene til orientering og slutter seg til regjeringens forslag.

# Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

K o m i t e e n har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

I

I statsbudsjettet 2024 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Føremål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | U t g i f t e r | |
| 1500 | | Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 5 027 000 |
| | | frå kr 251 356 000 til kr 256 383 000 | |
| 1510 | | Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 112 012 000 |
| | | frå kr 811 853 000 til kr 923 865 000 | |
| | 22 | Fellesutgifter, b l i r r e d u s e r t med .................................... | 18 200 000 |
| | | frå kr 151 491 000 til kr 133 291 000 | |
| 1511 | | Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal | |
| | 30 | Ombygging av Ring 1, *kan overførast*, b l i r a u k a med | 60 000 000 |
| | | frå kr 545 000 000 til kr 605 000 000 | |
| 1520 | | Statsforvaltarane | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 45 291 000 |
| | | frå kr 2 283 829 000 til kr 2 329 120 000 | |
| 1530 | | Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga | |
| | 33 | Vidareføring av byggeprosjekt, *kan overførast*, b l i r r e d u s e r t med | 110 000 000 |
| | | frå kr 4 235 000 000 til kr 4 125 000 000 | |
| | 36 | Kunstnarisk utsmykking, *kan overførast*, b l i r r e d u s e r t med | 20 000 000 |
| | | frå kr 59 081 000 til kr 39 081 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*, b l i r r e d u s e r t med | 200 000 000 |
| | | frå kr 1 211 900 000 til kr 1 011 900 000 | |
| 1531 | | Eigedomar til kongelege føremål | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 270 000 |
| | | frå kr 31 788 000 til kr 32 058 000 | |
| 1533 | | Eigedomar utanfor husleigeordninga | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 91 000 |
| | | frå kr 27 947 000 til kr 28 038 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*, b l i r a u k a med | 10 800 000 |
| | | frå kr 35 000 000 til kr 45 800 000 | |
| 1540 | | Digitaliseringsdirektoratet | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 3 789 000 |
| | | frå kr 159 610 000 til kr 163 399 000 | |
| 1550 | | Datatilsynet | |
| | 1 | Driftsutgifter, b l i r a u k a med ............................................ | 1 643 000 |
| | | frå kr 82 241 000 til kr 83 884 000 | |
| 1551 | | Personvernnemnda | |
| | 1 | Driftsutgifter, *kan overførast*, b l i r a u k a med ................ | 3 880 000 |
| | | frå kr 2 778 000 til kr 6 658 000 | |
| 1560 | | Tariffavtalte avsetningar | |
| | 72 | Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane, b l i r a u k a med | 7 000 000 |
| | | frå kr 44 500 000 til kr 51 500 000 | |

| Kap. | Post | Føremål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 2445 | | Statsbygg | |
| | 31 | Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, *kan overførast*, blir redusert med | 40 200 000 |
| | | frå kr 380 000 000 til kr 339 800 000 | |
| | 34 | Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, *kan overførast*, blir redusert med | 180 000 000 |
| | | frå kr 785 000 000 til kr 605 000 000 | |
| | 39 | Renter på byggelån, *kan overførast*, blir auka med | 38 875 000 |
| | | frå kr 667 000 000 til kr 705 875 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med | 170 000 000 |
| | | frå kr 352 985 000 til kr 182 985 000 | |
| | | Inntekter | |
| 4510 | | Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa | |
| | 2 | Diverse inntekter, blir auka med | 35 000 000 |
| | | frå kr 44 293 000 til kr 79 293 000 | |
| | 3 | Brukarbetaling, blir auka med | 45 000 000 |
| | | frå kr 73 446 000 til kr 118 446 000 | |

### Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

*Nytt regjeringskvartal byggetrinn 2 del I*

Stortinget samtykkjer i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 kan starte opp, bestille og forplikte staten ut over budsjettåret for byggeprosjektet nytt regjeringskvartal byggetrinn 2 del I innanfor ei kostnadsramme på 8 531 mill. kroner. Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attståande forpliktingar skal til kvar tid bli haldne innanfor den vedtekne kostnadsramma. Kostnadsramma er i prisnivå per 1. juli 2025. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

III

*Brukarutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvartal byggetrinn 2 del I*

Stortinget samtykkjer i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 kan starte opp, bestille og forplikte staten ut over budsjettåret for brukarutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvartal byggetrinn 2 del I innanfor ei kostnadsramme på 627 mill. kroner. Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attståande forpliktingar skal til kvar tid bli haldne innanfor den vedtekne kostnadsramma. Kostnadsramma er i prisnivå per 1. juli 2025. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

### Andre fullmakter

IV

*Stikkordfullmakt*

Stortinget samtykkjer i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2024 kan føye til stikkordet «kan overførast» til løyvinga under kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv., post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 10. desember 2024

**Lene Vågslid**
leder

**Lise Christoffersen**
ordfører

Svanemerketrykksak, 2041 0654 Trykk og layout: Stortingets administrasjon